Magnar Åm 2023:

# at havet er eitt

for kor SATB

Tekst: Magnar Åm

Versjon med homofon tekst

NB noter
This music is copyright protected

(revidert august 2023)

Speletid ca 5' 30"

**at havet er eitt**

Vatnet i fjorden ser
Fjordane sjølve ser
Kvar ei bylgje som rullar
og kjærteiknar berga
ser det
Kvar minste drope
som dansar på dei kvite toppane
ser at den er hav
Det å bli splintra til
tallause perler
og pludrande lydar
kan visst aldri viske ut
vissa dei kjenner
når samanhengskrafta
tek tak i dei
og fører alle til einskap igjen
Då veit dei at dei er hav
at dei er uttrykk for
dette som går opp i delane
og som tek alle delane opp i seg
Difor kallar dei det for
opp-havet
opphavet sitt
Og desse fjella kring fjordane
ser ned i djupnene
som i ein spegel
ei minning om at
også dei er ein del
av eit heile
som stundom brest i knas
og blir skuggane
som lurer i kvar ei bylgje
bylgje, bylgje, bylgje
Og krafta i vindane
omgjer krusninga til
krigande kvining av
stormande sterke bårer
som slær mot dei blankslipte berga
Dei tek tak i sporet av fjella
og riv og slit heile bildet i filler

før allting atter får heilast
og pludrande falle til ro

NB noter
This music is copyright protected

Versjon med homofon tekst

# at havet er eitt

## tekst og musikk: Magnar Åm







NB noter
This music is copyright protected

©




NB noter
This music is copyright protected







NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected